

Arkiv: <arkivID><jplD>
PlanID-1263201804,
Plannavn-E39 Vikane
- Eikangervåg,
Komnr-4631, FA-L13,
HistSak-18/1618

JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
082/21	Utval for areal, plan og miljø	09.06.2021
081/21	Alver kommunestyre	24.06.2021

**Detaljregulering for E39 Vikane - Eikangervåg, 2. gongs handsaming
RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato

21.05.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Utval for areal, plan og miljø 09.06.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 082/21 Vedtak:

Innstilling i APM - 09.06.2021:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato

21.05.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.

Alver kommunestyre 24.06.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 081/21 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for E39 Vikane - Eikangervåg, PlanID 1263-

201804, som vist på plankart sist datert 22.01.21 og med føresegner av revisjonsdato 21.05.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Statens vegvesen legg fram forslag til reguleringsplan for E39 frå Vikane til Eikangervåg. Hovudføremålet med planframlegget er å regulere ny gang- og sykkelveg på strekninga. Reguleringsplanen legg vidare opp til generell utbetring av trafikktryggleik i området gjennom å sikre areal til forsterka midtoppmerking på E39 og utbetring av kryss og avkøyrslar langs strekket.



Blå ring syner planområdet



Ortofoto over området

E39 Vikane - Eikangervåg ligg inne som prosjekt nr. 17 i Nordhordlandspakken.


Kort om planforslaget

Hovudmålet med planen er å auka trafikkikkerheita og å auke talet på mjuke trafikantar langs denne strekninga.

Køyrevegen vert utbetra med breiare køyrefelt i begge retningar, asfaltert skulder og god breidde på grøfter. Eksisterande kryss og avkøyrslar langs tiltaket vil bli oppgradert, lagt om eller sanert. Det

vert etablert eit separat, gjennomgåande tilbod for gåande og syklende, der ein rabatt og/eller rekkverk held dei mjuke trafikantane skild frå køyrevegen. Kollektivhaldeplassar vert oppgradert og justert med tanke på utforming og plassering. Framkome til haldeplassane er sikra med fortau/gang- og sykkelveg, tilrettelagt kryssingspunkt og planskild kryssing av E39. Planframlegget inkluderer nytt kryss til utbyggingsområde på Fyllingsnes i tråd med Lindås kommunestyre sitt vedtak om plassering av ny Eikanger skule.

Tiltaka i plan vil gje konsekvensar for omgjevnadane som grensar til utbygginga; arealinngrep på private eigedomar, endra køyremønster, påverknad på vegnære kulturminne og vegkantflora. Realisering av planframlegget vil mellom anna føre til at ein einbustad må løysast inn og sanerast, Osterfjordvegen 1160.



Nytt kryss til Fyllingsnes

Hus som lyt sanerast markert med kryss

For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planomtalen og saksframstilling til 1. gongs handsaming i PMU, som ligg vedlagt saka.

Offentleg ettersyn og høyring

Planforslaget var til 1. gongs handsaming i Plan- og miljøutvalet (PMU) 25.09.2019, som sak 099/19. PMU vedtok då å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn.

Planforslaget var til offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 09.10.2019 – 29.11.2019. Det kom 14 merknader til planforslaget frå private grunneigarar/naboar, medan det kom inn 8 uttalar frå offentlege høyringsinstansar. Merknadene vil bli gjennomgått og kommentert/vurdert i vurderinga under.

Endringar etter offentleg ettersyn og høyring

Endringar som følgje av offentlege ettersyn og høyring kjem fram planskildringa kap. 1.6. tabell 2.

Dei viktigaste endringane er som følgjer:

- Endringar i plankart og føresegnar i høve fjerning av automatisk freda kulturminne.
- Føresegn om reetablering av kantvegetasjon ved fyllingsfot i vassdrag.
- Planert og gruslagt flate på utsida av vegrekkverk i område o_SVG10 og 16 for fotgjengarar frå Fyllingsnesvegen som ikkje ynskjer å krysse E39.
- Oppdatert plankart i høve endringar for områder som er midlertidig beslaglagt til rigg- og anleggsbelte.

Vurdering

Administrasjonen viser til sine vurderingar av saka som kjem fram i saksframlegget til 1. gongs handsaming av planen.

I samband med offentleg høyring og ettersyn kom det til saman 22 uttalar og merknader til planforslaget. Forslagsstillar har oppsummert og kommentert desse, jf. merknadsskjema vedlagt saka. Nedanfor er rådmannen si vurdering av uttalanane lagt til oppsummeringa/kommentarane frå forslagsstillar:

Avsendar	Statens vegvesen sin kommentar	Rådmannen si vurdering
<p>Vestland fylkeskommune og Riksantikvaren</p> <p>Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne vert gitt med føresetnad at det vert gjennomført ei arkeologisk utgraving før tiltak i plan vert realisert. Endringar i føresegner og plankart er oppgitt i merknaden. Om dei ikkje vert tatt inn i planforslaget, må ein varsle Hfk/Vlfk.</p> <p>Plan er i strid m/automatisk freda kulturminne, Hfk/Vlfk ber om 3 mnd. utsett frist for uttale for å fremme søknad til Riksantikvaren.</p>	<p>Det er gjort naudsynte endringar i føresegner og på plankart.</p> <p>Søknad er fremja om å fjerne automatisk freda kulturminne, og søknaden er innvilga av Riksantikvaren.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
<p>Vestland fylkeskommune ved Kultur/Idrett</p> <p>Plan er i strid m/automatisk freda kulturminne, Vlfk ber om 3 mnd. utsett frist for uttale for å fremme søknad til Riksantikvaren.</p>	<p>Søknad er fremja om å fjerne automatisk freda kulturminne, og søknaden er innvilga av Riksantikvaren.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
<p>Vestland fylkeskommune ved Regionalavd.</p> <p>Ingen vesentlege merknader, men syner til utsett frist (17.01.20). Man ber om at det vises varsemd ved nyare tids kulturminne som ligg tett ved vegen.</p> <p>Fylkesmannen i Vestland</p> <ul style="list-style-type: none"> i. Fylkesmannen meiner at avbøtande tiltak for utfylling i vann må innarbeidast i føresegnene. ii. Fjerning av kantvegetasjon kan berre skje etter løyve frå Fylkesmannen. iii. Forureining i V1, PR1 og PR2 frå Miljøundersøkingssrapporten, må takast inn i føresegnene. iv. Fylkesmannen ber også om at tiltaka for støyskjerming som blir foreslått i støyrapporten, 	<p>Tatt til orientering.</p> <ul style="list-style-type: none"> i. Områda V1 og V4 (der PR1 og PR2 ligg) er nå teke ut av planen, da det ikkje er naudsynt med inngrep, og med det, avbøtande tiltak, i desse områda. ii. Tatt til orientering, søknad om løyve vil bli sendt i seinare planfase iii. Sjå pkt. i) ovanfor iv. Støyskjerming er tatt med slik 	<p>Tatt til orientering.</p> <ul style="list-style-type: none"> i. Merknaden er følgt opp ved føresegn (7.1.) om at det skal leggjast til rette for reetablering av kantvegetasjon og at alt arbeid i og nær vassdraget skal utførast skånsamt.

blir gjennomført.	støyrapporten tilrår.	
Statens vegvesen Planen må stetta N100, elles ingen merknader.	Tatt til følgje, planen stettar Hb N100.	Tatt til orientering.
NVE NVE prioriterer å gi innspel og uttalar til overordna planar og rettleiing/opplæring til kommunar med store utfordringar innanfor vårt saksområde. I tillegg prioriterer dei å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar I denne saka kan vi ikkje sjå at det er bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka.	Tatt til orientering.	Tatt til orientering.
Bergen og omland farvannsforvaltning IKS Her kommenterast at det ikkje er teikningar over tiltak i sjø. Dersom det skal gjerast tiltak i sjø, ber Bergen Havn om at de får oversendt detaljerte teikningar over dette. Bygging, graving, utfylling osv. i sjø er søknadspliktige, og dette meiner dei bør tas inn i planføresegnene. NGIR NGIR stiller en del generelle krav til hentestader for avfall med omsyn til utforming, moglegheit for å snu mv.	Det vert ikkje inngrep i strandsona, V1 og V4 er tatt ut av planen, og plangrensa er trekt inn til kystlinja på desse to stadene. Ved kontakt med Henrik Kjøpstad hos NGIR, så er det avdekka at dei aktuelle hentestadene for avfall vert utforma slik at tilhøva for avfallshenting vert forbetra i høve til i dag. Ved f_SV7 vil det i planen vere plass for å stå utanfor E39 ved avfallshenting.	Tatt til orientering. Tatt til orientering.
Innspel som gjekk igjen i mange private merknader	Statens vegvesen sin kommentar	
1. Fleire merknader inneheld ønske om å behalde busshaldeplass i krysset ved Fyllingsnesvegen	*1) Eksisterande busshaldeplass er ikkje utforma i høve til krav i vegnormalen (Svv si handbok N100, og V123), både når det gjeld utforming, sikt for buss, sikt i kryss, osb. Denne vert difor flytta i planframlegget, slik at utforming og plassering stettar krav i vegnormalane, og krav til universell utforming osb. Dette aukar trafikktryggleiken monaleg.	
1. 2) Fleire vil ha undergang under E39 ved Fyllingsnesvegen (o_SV4 i	*2) Det er ikkje plass i dette området (ved krysset) til å lage naudsynte ramper med stigning som stettar krava til universell utforming gitt i regelverket. Det er no lagt inn i planen eit 1,0 meter breitt planert areal utafor rekkverket på austsida av E39. Dette kan nyttast til å gå på langs	

planen)	E39 mellom vegen til Fyllingsneset og det nye gangvegssystemet vis a vis bensinstasjonen. Jamvel om det anbefalast å gå langs hovudvegen på tilrettelagd areal på utsida av rekkverket, er det likevel mogleg å kryssa E39 ved Fyllingsnesvegen, for å koma til det nye gangvegssystemet på andre sida.	
Avsendar	Statens vegvesen sin kommentar	Rådmannen si vurdering
<p>Arve Fyllingsnes</p> <p>Ønsker busstopp i begge retningar ved SV4, samt undergang her.</p> <p>Ønsker sikker kryssing av E39 med traktor ved SV3.</p> <p>Ønsker å få endra 0_SVG28 til LNFR, areal for nødvendig tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget), da han treng tilkomst frå sjø.</p>	<p>Sjå fellessvar *1) og *2)</p> <p>SV3 får tilkomst vis a vis kryss med SV4, og køyring på SGS03</p> <p>Tatt til følge; område o_SVG28 endrast til LNFR i planen, slik grunneigar ønsker, og kommuneplanen viser.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
<p>Steinar Fyllingsnes</p> <p>Han viser til eigne merknader til planen datert 13.07.18.:</p> <p>Dimensjonering av SV3 for tømmerbil, stigning som i dag. SGS03 må førast ca. 50 meter vidare i 4 m bredde.</p> <p>Ønsker undergang for 70-100 sauer til SGS03</p> <p>Vil ha matjord frå siktsprenging nordover på tilstøytande areal</p> <p>Vil ha busstopp i begge retningar ved SV4, samt undergang her</p> <p>Bjørn Kvinge</p> <p>Det bør være sikker kryssing frå vegen til Fyllingsnes for myke trafikantar. Han foreslår som eit alternativ at det lages GS-veg på andre sida av vegen mellom SV4 og til undergangen.</p>	<p>SV3 blir liggande som i dag</p> <p>Ikkje tatt til følge.</p> <p>Det blir ikkje etablert saueundergang</p> <p>Disponering av matjord må avtalast direkte med entreprenør ved utbygging av veganlegget</p> <p>Sjå fellessvar *1) og *2)</p> <p>Sjå fellessvar *2)</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p>
<p>Eikanger bygdelaag</p> <p>Bygdelaaget ønskjer</p> <ol style="list-style-type: none"> i. sikker kryssing av E39 for gåande/ syklande frå vegen til Fyllingsnes. ii. Alternativt en 50-sone og gangfelt over E39. 	<ol style="list-style-type: none"> i. Sjå fellessvar *2) ii. Ei 50-sone er diverre ikkje aktuelt på denne staden. 	<p>Tatt til orientering.</p>

<p>Frode Løndal Ønskjer ikkje inngrep av anleggsmaskiner i område BAA8. Hadde diskutert dette med repr. for SVV på møte, og disse sa at dette «nok ikkje var naudsynt».</p> <p>Fyllingsnes Utvikling AS v/Helge Sandvik</p> <p>i. Er det naturleg med omarbeiding av vår reg. plan når del av vår tomt blir skuletomt? Må vei inn til skule visast på reg. plan?</p> <p>ii. Kor mykje areal treng kommunen til eventuell skuletomt? Om det må lages ny reg.plan for vårt området, kan det behandlas administrativt som «mindre vesentlige endringar»?</p> <p>iii. Er det tatt med plan for vatn i prosjektering av gangvei langs?Er det plan for spillvann/overvann for ny reguleringsplan?</p> <p>iv. Det går høyspent over deler av området og skuletomt, er den planlagt lagt om, lagt i bakken i ny gangvei?</p> <p>v. Er det lagt planer for straum /fiber for framtidig utbygging for ny skule, eksisterende bebyggelse og vårt nye felt?</p> <p>vi. Finansiering for prosjektet, er dette finansiert via Nordhordlandspakken og gamle midler for tidligere reguleringsplan?</p> <p>vii. Er ny gang og sykkelveg fullfinansiert?</p> <p>viii. Kva for framdrift av prosjektene skule og gang sykkelveg er planlagt/forventa?</p>	<p>Det blir minst mogleg inngrep med anleggsmaskiner i BAA-områda, også i BAA8.</p> <p>Tatt til orientering. Alver kommune svarer ut det som vedkjem planspørsmål i samband med den reguleringsplanen Fyllingsnes Utvikling AS har fått utarbeidd.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>i. Det er i KDP sett av areal til offentleg/privat tenesteyting på 26 daa vest for Fyllingsnesplanen. Tilkomstveg til dette arealet kan føre til endringar i eksisterande plan.</p> <p>ii. Sjå svar over.</p> <p>iii. Det ligg føre VA-rammeplan.</p> <p>iv. Det vert ikkje gjort endringar i høve høgspentanlegg i dette planframlegget.</p> <p>v. Vegplanen tek ikkje stilling dette.</p> <p>vi. Planen er ein del av NH-pakken og vert finansiert gjennom denne.</p> <p>vii. Nei, prosjektet er ikkje fullfinansiert.</p> <p>viii. Framdrift for bygging av gs-veg vert bestemt via NH-pakken og er ikkje avklart på noverande tidspunkt. Det er ikkje avklart om ein evt. skal starte planlegging for ny Eikanger skule i dette området.</p>
<p>Inge E. Fyllingsnes Ønsker støytiltak (voll) mellom E39 og sin bustad. Ønsker også 2 x busstopp og undergang ved krysset til Fyllingsnes.</p> <p>Knut Fyllingsnes Meiner SGS01 må få 4 m breidde, for tilgang med traktor og reiskap 214/3 må få bruksrett til SGS01</p>	<p>i. Støynivået i og utanfor bustaden 214/158 kjem utanfor grensa for tiltak i denne planen iht. støyrapport og retningslinene for støy, T-1442. Sjå fellessvar *1) og *2)</p> <p>SGS01 har 4 m breidde i planen Tatt til følgje; bruksrett til 214/3 for SGS01 er no tatt med i føresegnene til planen</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p>

<p>Ønsker også 2 x busstopp og undergang ved krysset til Fyllingsnes.</p>	<p>Sjå fellessvar *1) og *2)</p>	
<p>Per Eilif Åsvang Grunneigar ber om at ei traktoravkøyrsløse til 214/8 må behaldast. Han nemner også ei trapp nær brua som bør behaldast for å få gangåtkomst til området/tomta.</p>	<p>Traktoravkøyrsløse vil bli reetablert om mogleg. Om det finnes ei trapp i området som må fjernast pga. tiltaket, vil også denne bli re-etablert.</p>	<p>Eksisterande tilkomstar må takast vare på eller reetablerast.</p>
<p>Randi Nepstad Innsendar er imot at busshaldeplassane mot vest skal fjernast. Veg SV5 brøytast heller ikkje om vinteren, da blir det enda lengre omveg å gå til busshaldeplass.</p>	<p>Sjå fellessvar *1) og *2).</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
<p>Ronny Nepstad Innsendar er imot at busshaldeplassane mot vest skal fjernes. Veg SV5 brøytast heller ikkje om vinteren, da blir det enda lengre omveg å gå til busshaldeplass.</p> <p>Rune Lygre Grunneigar på 214/123 vil krevje erstatningstomt ved inngrep på sin eigedom, ved ca. P1450-P1490.</p> <p>Stein C. L. Fyllingsnes Innsendar meiner at det må opparbeidast busstopp i begge retningar ved Fyllingsnesvegen, og at det må lages undergang under E39 her.</p> <p>Stein Åge Fyllingsnes Innsendar meiner at planlagd GS-veg ved kryss til Fyllingsnes har for dårleg tilkomst frå Fyllingsnesvegen. Behov for å køyre med traktor/landbruksmaskin på GS-veg frå nemnte kryss og til Vaage karosseri. Behalde busstopp ved kryss til Fyllingsnes.</p>	<p>Sjå fellessvar *1) og *2).</p> <p>Spørsmål om erstatning vil bli tatt stilling til ved erverv av grunn før bygging. Erstatning vert gitt med eit pengebeløp. Statens vegvesen står for grunnerv.</p> <p>Sjå fellessvar *1) og *2).</p> <p>Sjå fellessvar *2).</p> <p>Ferdsle med traktor mellom Fyllingsnesvegen og Vaage karosseri må skje på hovudvegen (E39) Sjå fellessvar *1).</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p>

E39 Vikane - Eikangervåg er ein trafikkert veg med høg fartsgrense, og opparbeiding av gang- og sykkelveg langs strekket gjer barn moglegheit til å ferdast trygt til og frå aktuelle målpunkt i

området. Generelt styrkar gang- og sykkelveggar folkehelsa fordi det vert meir attraktivt å gå eller

sykle til eks. kollektivtilbod.

Naturmangfald

Temaet er utgreia i rapport frå NNI Resources AS, datert vår 2018 og justert i januar 2019. I rapporten vert det konkludert med at bygging av gs-veg vil føre til nye inngrep i vegnær natur, men at konsekvensen er sett til liten til middels negativ. Veglinja vart justert etter funn i første rapport,

og dette saman med at det ikkje er særleg konfliktfylte områder med tanke på naturmangfald, gjev liten konsekvens.

Til offentleg ettersyn uttalte statsforvaltaren at rapporten ikkje tek høgde for utfylling/fyllingsfot i Fyllingsnestjørna. Merknaden er oppfølgt ved føresegn (7.1.) om at det skal leggjast til rette for reetablering av kantvegetasjon og at alt arbeid i og nær vassdraget skal utførast skånsamt. Andre avbøtande tiltak gitt i rapporten skal følgjast opp i Ytre Miljøplan som utarbeidast i samband med byggefasen av tiltaket.

Risiko og sårbarheit

Det er utarbeida ROS-analyse som ein del av planarbeidet, denne er omtalt under kapittel 5 i planskildringa.

Analysen avdekka 2 hendingar i raud sone- nærføring til automatisk freda kulturminne og risiko knytt til etablering av ny skjering i Osterfjordvegen 1140. I høve kulturminne har Riksantikvaren innvilga søknad om å fjerna automatisk freda kulturminne. Dette vert gjort ved ei arkeologisk utgraving i forkant av utbygginga.

Sprekkefare i eksisterande skjering langs E39 er følgt opp med føresegn som sikrar nærare geologisk kartlegging/undersøking av skjeringa samt sikringstiltak.

Konklusjon

Rådmannen sluttar seg til hovudmålet som er å auke trafikksikkerheita og det planfaglege grepet i planforslaget. Forslaget til detaljregulering vurderast å vere tilfredsstillande og anbefalast vedtatt.

Vedlegg i saken:

27.05.2021	1_Planomtale E39 Vikane-Eikangervåg	1562911
27.05.2021	2_Reguleringsføresegner E39 Vikane-Eikangervåg	1562912
27.05.2021	3_Reguleringsplankart E39 Vikane-Eikangervåg	1562913
27.05.2021	4_Merknadsskjema E39 Vikane-Eikangervåg	1562914
27.05.2021	5_Konsekvensvurdering kulturarv E39 Vikane-Eikangervåg	1562915

27.05.2021	6_Konsekvensvurdering naturmangfald E39 Vikane-Eikangervåg	1562916
27.05.2021	7_Kulturminnerapport E39 Vikane-Eikangervåg	1562917
27.05.2021	8a_Geologisk rapport E39 Vikane-Eikangervåg	1562918
27.05.2021	8b_Geologisk rapport vedlegg E39 Vikane-Eikangervåg	1562919
27.05.2021	9_Miljøgeologi E39 Vikane-Eikangervåg	1562920
27.05.2021	10_Geoteknikk E39 Vikane-Eikangervåg	1562921
27.05.2021	11_Støyvurdering E39 Vikane-Eikangervåg	1562922
27.05.2021	12_Tekniske_vegteikningar E39 Vikane-Eikangervåg	1562923
27.05.2021	13a_VA-rammeplan E39 Vikane-Eikangervåg	1562924
27.05.2021	13b_VA-rammeplan - G001 E39 Vikane-Eikangervåg	1562925
27.05.2021	13c_VA-rammeplan - G002 E39 Vikane-Eikangervåg	1562926
27.05.2021	13d_VA-rammeplan - G003 E39 Vikane-Eikangervåg	1562927
27.05.2021	14_PMU Vedtak E39 Vikane-Eikangervåg	1562928